

Fra: Hardangerbrua (hardangerbrua@lofthus.no)
Sendt: 14.04.2016 21:14:59
Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak
Kopi:

Emne: Val Hardangerbrua
Vedlegg:
Fylkesutvalet

Er blitt kjend med innstilling til sak 110/16 i fylkesutvalet vedk. «*Val og nyval til Hardangerbrua AS*». Ønskjer å kommentera denne.

Vi har ikkje førespurt om forslag på medlemmer til valnemda. Dei er alt på plass med Mona Hellesnes, Asbjørn Tolo og Alfa Merethe Sefland. Valgt på generalforsamling i 2012. Om fylket ønskjer utskifting av desse er det heilt ok for oss.

Det vi ber om avklaring på er antal styremedlemer, slik at vi kan endra dette i vedtektene. Etter å ha snakka med 4 av ordførarane i Voss og Hardanger er tilbakemeldinga frå dei 5 medlemmer. 3 frå fylkeskommunen og 2 frå dei øvrige eigarkommunane. Dersom fylkesutvalet sluttar seg til det, vert valet enkelt. Fylket har alt valt 3 medlemmer med vara. Vi ber valnemda koma med forslag på 2 medlemmer med vara frå dei andre kommunane.

I vedtektene i dag heiter det:

Selskapet sitt styre skal vera på 7 medlemmer og 7 personlege varamedlemmer. Styremedlemmene skal oppnevntast slik:

4 representantar vert oppnevnt av Hordaland fylkeskommune 1 representant vert oppnevnt av Bergen kommune 2 representantar vert oppnevnt av dei andre aksjonærane, Eidfjord, Granvin, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss kommune.

Dette kan endrast til:

Selskapet sitt styre skal vera på 5 medlemmer og 5 personlege varamedlemmer. Styremedlemmene skal oppnevntast slik:

3 representantar vert oppnevnt av Hordaland fylkeskommune 1 representant vert oppnevnt av Bergen kommune 1 representant vert oppnevnt av dei andre aksjonærane, Eidfjord, Granvin, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss kommune.

Endringa kan vi føreslå for eigarane ved innkalling til generalforsamling, og gjera vedtak om det før vi føretek val av nytt styre.

Vonar dette er avklarande.

Mvh
Einar Lutro, styreleiar